

Møtereferat

Møte:	Møte AU Midt
	Måndag 19.08. kl 16 :: kl 21.30 - separat AU-møte
Tid/Sted:	Tysdag 20.08 kl 08.30 :: kl 11.30 :: med leiargruppa region Midt På Scandic Hell, Stjørdal
Tilstede:	Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Johan Kristian Daling, Kolbjørn Frøseth (forfall tysdag), Sverre Tyldum, Bård Tore Berntsen, Borgny K, Grande, Olav Håkon Ulfsnes og Roy Albertsen. På tysdag i tillegg: Silje Laugsand Pynten, Bjørn Wæhre, Arnodd Kjenstadbakk, Magne Trondmo og Brit Våga
Forfall:	Pia Køteles
Kopi til:	Vara AU og Tor Olav Brandtzæg
Referent:	Brit Kari Eidsefot Hauger
	Molde, 20.08.2019

Separat AU-møte 19.08:

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Oppsummering/runde etter NRK Brennpunkt-dokumentaren Lars Morten innleide om korleis filmen har påverka næringa og salet. Olav Håkon informerte om at samla sal på svin er auka. Gilde-merket har fått betre standing etter kampanjen, viser ei spørjeundersøking. Sverre ga uttrykk for at svinenæringa er opptatt av dokumentaren, kjenner seg trakka på, hatt møter. KSL skal ha eigne svinerevisorar, med fast intervall mellom revisjonane. I tillegg eigenfinansiert veterinærbesøk i slaktegrisbesetningar.	
<u>Innspel/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Kampanjen omdiskutert av bønder. • Må vurdere kvar lista vert lagt for kostnadsdrivarar, opp mot pris til forbrukar. • Dyrevelferd må kunne nyttast som konkurransefortrinn i marknaden, kontra EMV. • God dyrevelferd må defineraast. Viktig med kunnskapsoppbygging. • Defineraast saman med forbrukar og samfunnet, i eit kompromiss, for å få selt maten vår. • Mattilsynet viktig samarbeidspartner for næringa, for å kunne setje standard for god dyrevelferd. • Ungdom si haldning viktig for framtida. Må rydde i næringa no. • Viktig på arenaer som Agrisjå å vise fram dyr som gris og kylling, som forbrukar ikkje ser ute. • Vil vere ein diskusjon om Nortura i større grad skal delta på matmesser for å møte forbrukar. • Haldningar til bonden viktig, samt standard avlivingsmetodar som boltepistol. • På kylling skal det gjennomførast kalibrering av synet til bonden til sjuke dyr. Plukketeknikk vert også diskutert, opp mot kostnad. • Vi har mottaksplikt, men ikkje betalingsplikt. • Nortura må fortsetje haldningsarbeidet hos næringa. 		
Vedtak: AU tek oppsummeringa til orientering.		
2	Evaluering stand på Trøndersk Matfestival Brit Kari orienterte frå referatet frå tlf møtet med Lars Morten, og dei to ansatte ved	

Nortura Tynset som deltok på messa.

Innspel/kommentarar:

- Varene kunne vore prisa høgare
- Forbrukar positiv til Tronfjell, men vanskeleg å få kjøpt
- Mange positive tilbakemeldingar. Standen lite synleg, må profilerast betre. God kunnskap om produkta frå dei tilsette, kunne vore betre seljarar.
- Feil å belaste Medlem sitt budsjett.
- Kursing av dei som står på stand er viktig. Ikkje berre dele ut smaksprøver, men legge opp til sal. Nortura må legge meir arbeid i slike arr, for å vere meir enn ein volumprodusent.
- Positiv tilbakemelding også frå folk i næringa, bygger stoltheit.
- Vise bilet av standen på kretsmøta.
- Må ha ordentleg strategi for deltaking på matfestival. Matriket Midt kan gjerne ha ein dialog med Nortura vidare.
- Bør få til samarbeid med TINE og FK på dette.
- Er vi redd for kjedene ved å delta på matfestivalar, med andre salskanalar og tilknyting til forbrukar?
- Hovudpoenget ved festival er ikkje sal, men profilering.
- AU ynskjer ein rapport, inkl bilet, med kort oppsummering. Vurdere om vi skal gjere dette neste år.
- Setje ned arbeidsgruppe, som kan ha møte med OI for å få tips til standen. Elles vurdere økonomi, felles profilering av Nortura, produktspekter, tilleggsaktivitetar/ møteplass

Brit Kari

Lars
Morten

**Vedtak: AU ynskjer ein rapport, inkl bilet, med kort oppsummering.
Arbeidsgruppa held fram arbeidet mot deltaking til neste år.**

3 Ny klassifiseringsmetode storfe □ konsekvensar?

Lars Morten innleidde om at det i forrige AU-møte vart tatt opp om meir kraftfôrbruk og mindre grovfôrbruk kan verte konsekvens av endra klassifiseringsmetode. Pris på fôringsskalv er også diskutert.

Borgny får innspel på at det ikkje løner seg å føre fram kalv. Klassifisering på høgaste og lågaste klassene vert diskutert. Prosjekt under etablering saman med Animalia, TYR og KLF for gjennomgang av klassifiseringsmetoden og konsekvensar. Meir kritisk at Nortura ikkje er konkurransedyktig på pris, taper marknadsandelar.

Sverre tok opp at der er ein diskusjon på samanlikning av pris til svineprodusentane i 2015 kontra 2019.

Innspel/kommentarar:

- Avventar styrebehandling på pris på gris og storfe.
- Ynskjer å sjå mandatet til prosjektet som skal vurdere klassifiseringa, for å kom med innspel.

Roy

Vedtak: AU avventar styrebehandling på pris på gris og storfe.

4 Orientering frå fagutvala og ansvarskretsane

Johan Kristian orienterte om møte i fagutval kylling, med fokus på dyrevelferd. Vert eit av kriteria som vert vurdert ved mogeleg utviding av produksjonen. Nærheit til anlegg eit anna kriterium.

Kolbjørn orienterte om at det skal vere møte i fagutval egg i neste veke.

Lars Morten orienterte om at hans kretsar er opptatt av pris og økonomien til Nortura.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

5 Kretsarbeidet

Brit Kari orienterte om at effektiv og rasjonell samhandling mellom bonden og Nortura er tema for høyringa til kretsutvala i haust. I tillegg skal handlingsplan 2020 for fag/tilførsel på høyring i kretsutvala.

Innspel/kommentarar:

- Tlf møter med kretsleiarane har vore godt mottatt. Bør prøve å få til to tlf møterunder før nyttår.
- Inntransport og val av samarbeidspartnarar for Notra er aktuelt tema på tlf møte.
- Tema på tlf møta må vere slik at kretsleiarane vert gode ambassadørar.
- Tek sikte på tlf møte som oppstartsmøte og motivasjonsmøte i forkant av høyringa.

Vedtak: AU tek sikte på tlf møte som oppstartsmøte og motivasjonsmøte i forkant av høyringa.

Brit Kari

6 Planlegging av regionutvalsmøtet 05. - 06.11

Brit Kari stilte spørsmål ved om 2-dagers møtet skal endrast til dagsmøte. Eit 2-dagers møte gjev om lag kr 260 000 i auka kostnad til hotell og fråversgodtgjersle. Ellers ynskjeleg med innspel til agenda og konsernleiing.

Innspel/kommentarar:

- Dyrevelferd og klimaspm er aktuelle tema på RU-møtet. Sal også viktig tema, kunne fått med Harald Bjerknes for marknad og marknadskunnskap.
- Animalia kan bidra på tema om dyrevelferd.
- Ryddig og motiverande foredrag om kjøt og klima, i tillegg til marknad.
- Kjell Rakkenes kan vere aktuell på tema klima.
- Dataflyt og SINTEF Agri kan vere aktuelle. Gruppearbeid? Øystein Heggdal i Norsk Landruk, plantebasert.
- Kvifor ete kjøt, med fokus på ernæring.
- Kva kan vi produsere lokalt/nasjonalt til veganermarknaden?
- Heile dyra må utnyttast, synleggjere at det er berekraftig.
- Viktig å diskutere kva vi vil med RU-møtet, i spm om dagsmøte kontra 2-dagers.
- I den økonomiske situasjonen til Nortura må vi prioritere dagsmøte. Dårleg signal med 2-dagers, t.d. i fht storfepris.
- Ressursgruppe småfe ynskjer 2-dagers møte for å verte kjende med kretsen, RU-deltakarane, og betre innhald, samt lang reiseveg. Heller diskutere strukturen med såpass mange tillitsvalde i RU.
- Må investere i tillitsvalgtapparatet.
- Tid til diskusjon i dyreslagsgrupper er viktig. Ulempen er kostnad. Tlf møter eller andre arenaer er viktige viss det vert dagsmøte.
- Sidan det er 2 år sidan sist bør vi i år ha 2-dagers møte med motivasjon, kunnskap og arbeidsdel, samt to sesjonar med gruppearbeid. Tillitsvalgtopplæring i enten kunnskap eller arbeidsdel, som rolleavklaring i t.d. inntransport.
- Korleis utvikle medlemsarbeidet, t.d. info frå Vest og Agro? Korleis utvikle tillitsvalgt si rolle?

Vedtak: AU Midt vedtek at det vert 2-dagers møte i haust. Brit Kari jobbar vidare med planlegginga av regionutvalsmøtet.

Brit Kari

7 Mattilsynet - korleis styrke det?

Lars Morten innleidde om at næringa treng eit sterkt Mattilsyn. Kan framsnakke, invitere til AU-møte, og bringe haldningar inn mot politikarar. Har utfordring med arbeidsmåte, samt rekruttering/kunnskap.

Innspel/kommentarar:

- Møtest for å prate om kva dei treng av oss og kva vi treng av dei
- Kunnskap i Mattilsynet og tillit er det vi kan hjelpe med.

- Invitere med Mattilsynet på neste AU-møte.
- Bjørn Røthe Knutsen kan vere aktuell på temaet dyrevelferd i RU-møtet.

Vedtak: AU ynskjer å invitere med Mattilsynet på neste AU-møte.

Brit Kari

8 **Bli kjent med andre regionar**

Lars Morten innleidde om kor viktig det er å verte kjend med kvarandre i regionane. På samlinga no vert vi kjend med AU Nord, bør vurdere samling med AU Vest. Invitere oss på besøk til region Vest?

Innspel/kommentarar:

- Kva vil vi med ei slik samling? Slike samlingar kan gje grobotn for diskusjon om strategien for Nortura.
- Må tote å ta ein diskusjon om Nortura si rolle i forhold til landbruk over heile landet. Samhandling, inntransport, osv er aktuelle tema.
- Eit Nortura og eit sterkt samvirke er viktig.
- Forståing av utfordringane og mogelegheitene er hensikta.

Vedtak: AU drøftar temaet på eit seinare møte.

9 **Tilbakemelding frå Kontrollkomitéen vedk inntransport Midt-Norge**

Lars Morten innleidde om tilbakemeldinga frå Kontrollkomitéen:

Kontrollkomiteen har vurdert din henvendelse og mener at dette er en administrativ sak og ikke en sak som faller inn under Kontrollkomiteen sitt ansvarsområde på dette stadiet. Vi mener at hvis AU-Midt fortsatt ønsker å gå videre med dette så er riktig saksgang at saken i første omgang løftes inn i styret, ved å sende en henvendelse direkte til styret ved styreleder Trine Hasvang Vaag.

Med hilsen Ole Martin Fjeldberg, leder Kontrollkomiteen

Innspel/kommentarar:

- Spørsmål om kvifor ikkje kontrollkomitéen kunne handtert saka direkte.
- Bør sendast til styret for vurdering av kontrollkomitéen, slik AU har signalisert tidlegare.
- Konklusjon: Sendast til styret, med spm om AU har handtert saka på rett måte.
- Lars Morten har oversendt materiellet til Kontrollkomitéen, og sender no dette til styret. Ynskjer ikkje at dette vert sendt til andre.

Lars
Morten

Vedtak: AU oversender materiellet til styret, med spm om AU har handtert saka på rett måte.

10 **Eventuelt**

Borgny stilte spørsmål om kvifor Grilstad tener pengar, jf avisoppslag. Roy kommenterte at det kan skuldast strukturtiltaka som dei har gjort.

Felles møte AU-Midt og leiargruppe Medlem region Midt 20.08:

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Rapportering målkort, inkl tilførslar og marknadsandelar Roy orienterte om tilførslar pr veke 31, marknadsandelar og resultat i forhold til måloppnåing.	

Spørsmål/kommentarar:

- Må vere råd at inntransportplanleggingsverktøyet kan få fram alle innmeldingar på ein produsent, både på avtale og ordinært, slik at det evt kan hentast samtidig. Silje
- Er spm om fjøskapasitet på Malvik, er det ei hindring?

2	Aktivitetar/info frå dyreslaga, samt livdyr Magne orienterte frå gris etter NRK Brennpunkt-filmen og smågrissituasjonen. Bjørn orienterte om dyrevelferd på sau, mædisituasjonen og utfordringar på småfe. Arnodd orienterte om fokus på dyrevelferd også på storfe, økonomiske saker, klassifiseringssystemet og negativ utvikling i marknadsandel. Silje orienterte om status for livdyrformidlinga. Brit orienterte om markedsadgang Coop/Rema, dyrevelferd, trivselstiltak, omstilling og SAP. Roy orienterte på vegne av Pia om at kyllingmarknaden veks, samt om kalkunløftet.
	<u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Er det fleire Norturaprodusentar enn til konkurrent som tek del i oppkjøpsordninga for purker? • Er det aktuelt med meir forpliktande smågrisavtalar? • Korleis vinne tilbake produsentar som har forlatt oss? • Er ei mogelegheit i bekjempinga av Mædi at Mattilsynet kontrollerer alle vaksne sauver som vert slakta, evt berre i eit forventa kjerneområde. • Kva er årsaka til at fleire har behov for økonomirådgjeving? • Vert prisen på livkalv diskutert no?
3	Orientering inntransport Silje orienterte om bakgrunnen for endra framtidsbilete for dyretransport, region Midt valgte Notra-modellen, målbilete, risikovurdering, framdrift. Harald Hårstad, dagleg leiar av Notra, orienterte om Notra, overordna mål, verkemiddel 1: Større transporteininger som gjev fleksibilitet og mogelegheiter, verkemiddel 2: Effektive køyretøy, verkemiddel 3: Profesjonalisering av planleggingsfaget, verkemiddel 4: HMS, opplæring og personell.
	<u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Korleis vert kommunikasjonslinjer mot Notra? Har Nortura styringsrett? • Korleis er utbyttepolicyen for Notra? • Kvar kjem biogassen frå? • Vert planlegginga av inntransporten lagt til Nortura eller Notra? • Kvar enkelt sjåfør hadde hatt behov for ein samttale med Notra. • Vert det vekt på lem eller i bilen? • Avtale med transportørane må sjekkast i fht forkjøpsrett på bilar. • Mange eigarar opptatt av at omlasting kan stresse dyr, og kvar skal omlasting skje.
4	Aktivitetsplanarbeid for 2020 Brit Kari orienterte om aktivitetsplanarbeidet. AU må ha ressursgruppemøter i september, der handlingsplanar for 2020 skal lagast saman med fag/tilførsel.
5	Eventuelt